



Notat

Dato: 11.03.2016
Arkivsak: 2014/13527-13
Saksbehandlar: bjomidt

Til: Kontaktutvalet for Askøypakken

Frå: Fylkesdirektør for samferdsel

Grindgut - kostnader for Askøy Bompengeselskap AS

Bakgrunn

Askøy Bompengeselskap AS har stilt spørsmål ved kvifor selskapet må betala for påløpte utviklingskostnader for sentralsystemet Grindgut. Samferdselsavdelinga har i epost til Vegdirektoratet 23.11.2015 spurt om kva heimel Vegdirektoratet har for å bompengefinansiera FoU prosjektet Grindgut, når det ikkje kjem bompengeselskapa og bilistane til gode.

Kort om sentralsystemet og Grindgut

Sentralsystemet er kjernesystemet for bompengeselskapa, men det er Statens vegvesen som eig prosessen for bompengerekkering. Statens vegvesen har i praksis ingen eigne brukarar, men Statens vegvesen brukar informasjon samla inn gjennom sentralsystemet.

Vegdirektoratet har leigd sentralsystem, dagens løysing, hos Q-free sidan 2007. AutoPASS-selskapa betalar for CS Norge direkte til Q-Free ASA i tråd med inngått rammeavtale mellom Statens vegvesen Vegdirektoratet og Q-Free ASA. Då leigeavtalen gjekk ut fant Vegdirektoratet ut at dei skulle eiga systemet sjølv og heller køyra nye anbud på nyutvikling og drift. Statens vegvesen vedtok derfor i februar 2012 å utvikla og innføra eit nytt sentralsystem for bompengebetaling. Innkjøp, utvikling og innføring av nytt sentralsystem skulle gjerast i regi av prosjektet «AutoPASS Grindgut» med IBM som leverandør.

Planen var at systemet skulle takast i bruk hausten 2015. 27. juli 2015 vart avtalen med IBM heva grunna misleghald. Det var då påløpt 170 mill.kr. i utviklingskostnader. Statens vegvesen har fremja krav om erstatning og varsla rettslege skritt. IBM har varsla motkrav. Kva sluttkostnaden vert veit ein ikkje før rettssystemet har handsama krava.

Finansieringsplikt for tiltaket, ikkje for produktet

Frå Vegdirektoratet sitt svar til samferdselsavdelinga i epost frå 4.3.2016:

«De løpende kostnadene for prosjektet har blitt dekket av bompenger ved at utgiftene har blitt fakturert bompengeselskapene i tråd med Prop. 1 S (2012-2013), side 72. Prosjektets resultat skulle være en utskifting av innkrevningssystemet. Bompengeselskapenes pkt. 2.3 hjemler finansieringsplikt. Finansieringsplikten gjelder tiltaket, ikke resultatet. Tiltak som inngår i bompengeselskapenes finansieringsplikt tillates dekket av bompengemidler, jfr. Bompengeselskapenes pkt. 1.3 annet ledd. Statens

vegvesen vurderer nå alternative løsninger for å sikre en kontinuitet i bompenginnkrevingen også etter at dagens leieavtale for sentralsystem utløper.»

I Bompengavtalen pkt. 2.3 står det at bompengeselskapa finansierer

«utgifter til innkreving av bompenger, herunder vedlikehold og drift av innkrevingssystem og bomstasjon(er). Selskapet finansierer også eventuelle endringer i og utskiftninger av innkrevingssystemet»

I følge Vegdirektoratet betyr dette at bompengeselskapa har plikt til å finansiera Grindgut- prosjektet, sjølv om dette ikkje har resultert i eit nytt sentralsystem.

Dagens avtaleverk heimlar at bompengeselskapa tar heile kostnaden med Vegdirektoratet sitt utviklingsprosjekt. Som ein del av bompengereforma, vert det no vurdert i Samferdselsdepartementet å gje bompengeselskapa ansvaret for val og kjøp av innkrevingssystem. Statens vegvesen vil då framleis få ansvaret for samvirkningsevna, at systema «snakkar saman».